

## **Revidering av arealplan for Mongstad**

**28.5.2013**

**Notat med omtale av endringer**

## 1 Bakgrunn for plan

Statoil ASA har erverva gnr. 127 bnr. 123 i Lindås kommune frå Hydro og gnr. 128 bnr. 19 i Austrheim kommune. Eigedomen i Lindås kommune omfattar Stormyra og åssida opp mot Litlås fjellet og er på om lag 600 daa. Eigedomen i Austerheim kommune er på om lag 20 daa og omfattar deler av Leirvågen. Det er gjennomført ein parallell prosess med utviding av reguleringsplan og arealplan for Mongstad industriområde Statoil. Det er også gjort andre mindre endringar i planen.

Arealplan for Mongstad er utarbeida i tråd med gjeldande plan i form av formål, fargebruk, målestokk og teksting. Det er nytta eit skille mellom eksisterande og framtidig arealbruk der eksisterande har ein mørkare fargetone og framtidig ein lysare fargetone. Gjennom linjesymbol er det også vist planavgrensing, områdeavgrensing, vegføringar og liknande.

Planområdet er med ny utviding ca. 6350 daa stort.

Planområdet grensar til regulert industri/næringsområde (Mongstadkrysset) i sørvest og til område avsett til industri (Mongstad base) i søraust og til sjø i nord. I vest grensar området til RV 57 og område satt av i kommuneplanens arealdel til landbruks-, natur- og friluftsområde. I sør, på andre sida av Littleås fjellet, ligg et bustad-/landbruksområde.

Vedrørande sikringsavstandar vert det vist til TR 2237 Safty Design for Onshore Plants, kap. PS 0.3.1 Main design principles:

*”Sikkerhetsavstand til 3. person skal fastlegges gjennom en risikoanalyse. For tidlig fase skal det som retningslinje legges til grunn en minimumsavstand på 500 m mellom raffinerifasiliteter og arealer med offentlig tilgjengelighet.”*

Og føresegner til reguleringsplanen:

*Før oppføring av nye tiltak eller flytting av tiltak kan godkjennast, skal det utførast eksplosjons- og risikoanalyse for å fastsette naudsynte avstandar mellom prosessområde og andre bygningar.*

*Arealavgrensing er markert som linjesymbol på plankartet. Innanfor området er det ikkje høve til å etablere plassar der mange menneske oppheld seg. Området skal ha tilstrekkeleg merking for å hindre at området vert nytta til fritidsaktivitetar som t.d. camping og bruk av open eld.*

*I samband med vidare utbygging av området vil sikringsfeltet kunna flytta seg. Ny plassering skal godkjennast av kommunen.*

## **2 Omtale av planforslaget**

### **2.1 Endringar i arealplanen**

- Utviding av planområde til også å omfatte eigedomen gnr. 127 bnr. 123 i Lindås kommune – Område er i hovudsak satt av til serviceområde og parkbelte
- Utviding av planområde til å omfatte gnr. 128 bnr. 19 i Austrheim kommune – Områder er satt av til parkbelte
- Endring av trase for modulveg
- Lagt inn framtidig ny tilkomst for tankbil
- Flytting av framtidig plassering av faklar
- Endring av vegføring i Litlåsen
- Lagt inn ny framtidig fakkell for CO<sub>2</sub> landfall

Dei viktigaste arealbruksformåla i planområdet er delt inn i:

- Prosessområde
- Område for kraftproduksjon
- Serviceområde
- Tankområde
- Reinseanlegg
- Fakkeldområde (sikringssoner)
- Parkbelte i industriområde

- Transportsoner
- Kaier
- Administrasjon

Under følgjer ei skildring og definisjon av dei enkelte områda med omsyn til kva som vert tillete innanfor de respektive områda.

## **2.2 Prosessområde**

Innanfor prosessområde kan det tillatast oppføring av anlegg for prosessindustri og anna industri og lagringsanlegg i tilknytning til denne raffineriverksemda.

## **2.3 Område for kraftproduksjon**

Innanfor området kan ein etablere verksemd knytt til kraftproduksjon. Dette inneheld også anlegg for etterbehandling av produkt eller avfallsstoff for kraftproduksjon som f. eks anlegg for CO<sub>2</sub>-handtering.

## **2.4 Serviceområde (Utility)**

Innanfor serviceområde kan det etablerast servicefunksjonar og anlegg for prosessområde og områder for kraftproduksjon. Støttefunksjonar kan være elektriske installasjonar, funksjoner for kontroll, fasilitetar for arbeidarar og liknande. Det er lagt inn eit nytt stort serviceområde

## **2.5 Tankområde**

Innanfor tankområde kan det etablerast anlegg for lagring av produkt knytt til raffineriverksemda.

## **2.6 Administrasjon**

Administrasjonsområde omfattar funksjonar som kontor, forskning, brannstasjon, service- og velferdstiltak, anleggsleir og liknande.

## **2.7 Reinseanlegg**

Område for reinseanlegg er på om lag 96 daa. Det er ikkje gjort endringar i forhold til dette i den nye revisjonen.

## **2.8 Fakkelopråde**

Eksisterande faklar er vist. Det er også vist nye framtidige faklar i søraust ved Litlåsen. Desse faklane er i revidert plan flytta eit stykke mot nord for ikkje å komme i konflikt med ny vegtrase fram til ny transformatorstasjon og høgdebasseng. Flyttinga fører til at faklane blir liggande noko lågare i terrenget enn tidlegare og konsekvensar i forhold til nærliggande bustad osv. vert redusert. Det er også lagt inn ein ny framtidig fakkelsone i samband med vent for CCM landfall ved Kai 14.

## **2.9 Grøntområde/transportsoner**

Grøntområda skal primært nyttast som naturområde, men i transportsonene vil det være moglegheiter til å føra opp bygningar eller konstruksjonar.

Grøntområda skal fungere som buffer mellom industri internt og mellom industri og anna verksemd i tilgrensande område. Den skal også fungere som buffer mot bustadområdet og anna bygningar på andre sida av Litleåsen. I disse grøntområda vil det være moglegheit til å føre opp særlege konstruksjonar og tekniske anlegg som er naudsynt for industriområdet. Det kan og tillatast massetak og massedeponi som ved avslutning skal få en fullgod terrengmessig behandling.

## **2.10 Modulveggar / Infrastruktur**

Modulveggar er lagt inn med stipla strek og vist med en bredde på 12 meter og radius 50 meter. Det er også vist nok bredde i andre transportsoner til modulveier slik at desse kan etablerast her om det vil være naudsynt.

## **2.11 Kaianlegg**

Det er ikkje gjort endringar i forhold til kaianlegg i revisjonen.

## **2.12 Terreng / Planeringshøgder**

Planeringshøgder er lagt inn på plankartet i dei sentrale prosess-/service-/tankområda. Det er her det er aktivitet i næraste framtid og behov for største detaljer. Planeringshøgder er samkjørt med drens og vann- og avlaupsystem / overvann.

## **2.13 VA-rammeplan**

Det er i samband med utviding av planen utarbeida VA-rammeplan. Denne følgjer som vedlegg til planforslaget.

## **2.14 Sjøareal**

Det er i denne revisjonen ikkje gjort endringar i forhold til sjøområda. Dette er konkludering av eksisterande bruk. Statoil sine tilsette har i dag ein båtclubb som held til innerst i vika ved Dyrøy. Arealplanen er utarbeidet med fokus på landområda.

## **2.15 Felles veg**

Tidlegare forslag til ny felles permanent veg som skal binde saman Mongstad nord og Mongstad sør er i samsvar med reguleringsplanen tatt ut av arealplanen. Denne vegen ligg i parkbelte nord for planlagt fakkelopråde FA101 og FA102.

## **2.16 Arealavgrensing**

Arealavgrensinga er vist som linjesymbol i plankartet. Denne linja er ikkje permanent, men vil måtte flytte seg i takt med eventuelle utvidingar av industriområdet.

# **3 Konsekvenser av planforslaget**

## **3.1 Utviklingsområdet**

Videreutvikling av prosess- og industriverksemd på Mongstad i hovudsak skje aust for dagens prosessanlegg. Områda skal i hovudsak brukast til same type verksemd som i dag, dvs. foredling av petroleumsressurser. Det ligg pr. i dag ikkje føre konkrete planar om nye tiltak for dei områda som planen er utvida med unntak av BKK sine planar for høgspenledningar og transformatorstasjon.

Utvidinga av planen vil ha lite direkte konsekvensar for næraste naboene i Austrheim og Lindås kommune da områda er avskjerma av Litlåsen som buffer. Områda er lokalisert slik at dei er lite synlege frå sør, vest og øst. Industriområdet er mest synleg frå Fensfjorden. Unntaket er faklane. Faklene kan være inntil 115 m høye. Med den plasseringen som er vist i revidert plan vil faklene neppe være synlig fra andre siden av Litleåsfjellet.

I samband med plassering av nye faklar skal det utførast støyanalyse som viser at støygrensene kan overhaldast.

### **3.2 Kulturminne**

I løpet av planprosessen er det gjennomført kulturminneregistrering i område i Litlåsen, der det ikkje er gjort registreringar tidlegare. Store delar av Litlåsåsen er bandlagt etter kulturminnelova. Det ligg tre automatisk freda kulturminne i området, to gravminne og eit gravfelt. To av desse ligg innanfor planområdet. Den eine vart avdekka av nye undersøkingar i samsband med planarbeidet og ligg ca 80 meter søraust for tidligare registert gravminne. Gravrøysa ligg på ein låg åsrygg i bjørkeskog, er 7 x 3,5 m stor og ca 50-60 cm høg (ID 155066-1). Gravminna har status som automatisk freda.